



Forslag til mandat for nye delprosjekt i gjennomføringsfase del 2

Kommunalområde/stabsområde: _____

Delprosjektet har følgende oppdrag:

1. Innhente eit kunnskapsgrunnlag for tenestområdet som beskriv status, utfordringar, relevante nøkkeltall og statistikk, samt nasjonale og kommunale føringar.

Kunnskapsgrunnlaget bør blant anna beskrive:

- Nasjonale og kommunale føringar for området
- Trendar og utfordringsbilete knytt til området
- Relevante nøkkeltall og statistikk, slik som blant anna befolkningsframskrivingar, ev brukarundersøkingar og samarbeidsorgan, KOSTRA-tall, dekningsgrad og økonomiske nøkkeltal mm.
- Medarbeidarane sin kompetanse som ressurs – vurdering av behov for framtida
- Dagens organisasjonsstruktur, lokalisering av tenestene og bygningsmasse
- Dagens digitale verktøy/system

Kunnskapsgrunnlaget skal baserast på tilgjengelig datagrunnlag, og på benchmarking med kommunar ein kan samanlikne seg med. (Kunnskapsgrunnlaget treng ikkje å overleverast i ei bestemt form. Det kan samlast inn og organiserast slik styringsgruppa finn det mest hensiktsmessig)

2. Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget, **utarbeide eit grunnlagsdokument** som beskriver satsingsområde, mål og strategiar for tenesteutviklinga. **(mal for dette)**

Grunnlagsdokumentet bør blant anna beskrive:

- Nasjonale og kommunale føringar for tenestene
- Status, trendar og utfordringsbilde
- Satsingsområder, mål og strategiar for tenestene, inkludert kompetansebehov (inkludert innovasjon og digitalisering)

3. Med bakgrunn i grunnlagsdokumentet, **utarbeide eit forslag til organisasjonsplan** for kommunalområdet og tenestområdet som beskriv organisering, lokalisering og rolle- og funksjonsbeskrivelsar. Organisasjonsplanen bør blant anna beskrive:

- Organisering og dimensjonering for kommunalområdet og stabsområde under kommunalsjef. (antal skular, barnehagar, sjukeheimar vidareføring på dagens nivå)



- Lokalisering (dagens)- behov for endringar i samsvar med intensjonsavtalen?(på kort og lang sikt)
- Leiar, rolle- og funksjonsbeskrivelsar
- Beskriv mulige metodar for samarbeid på tvers av kommunalområda og tenesteområda
- Bemanningsplan for området

Prosjektleiar sett i gang eit eige arbeid kring lokalisering: Her blir det i første omgang utarbeida føringar og prinsipp for lokalisering som delprosjekta blir bedt om å kome med innspel til.

4. Harmonisering

Det skal for kvart delprosjekt utarbeidast eit notat (eigen mal for dette) kring følgjande tema:

1. Harmonisering: Beskrive likheiter og ulikheiter mellom kommunane knytt til brukarretta tenester innan tenesteområda. Td: omfang, kvalitet, prioriteringar, brukarbetalingar, kommunale tilskot mm. Det skal vidare utarbeidast forslag til harmonisering av tenestene på kort sikt og lang sikt. Prioriterte område skal framkomme tydeleg.

3. Reglement Utarbeide ei oversikt over kva for reglement dei fem kommunane har i dag innan tenesteområdet. Vidare skal det utarbeidast ei oversikt over kva for reglement det er behov for i nye Ålesund kommune, kva for nokre av desse som må handsamast politisk og kva som kan handsamast administrativt. Det må spesifiserst kva for reglement som må vere ferdigstilt før 1. januar 2020, herunder kva som må handsamast politisk hausten 2019.

4. Samarbeidsavtaler: Kartlegge kva for samarbeidsavtalar, (NB: ikkje innkjøpsavtaler) som er inngått mellom kommunane og eksterne samarbeidspartar (inkludert frivilligheita). Vidare skal det framkomme kva for avtalar som må reforhandlast/reviderast innan 2020. Arbeidet skal avgrensast til avtalar som er inngått på ordfører-, rådmann- eller kommunalsjefnivå

5. Arbeidet skal gjennomførast med bred medverknad og involvering av tillitsvalde, medarbeidarar og tillitsvalde. Det skal utarbeidast ein eigen plan for dette som beskriv informasjonstiltak og møteplassar

Det er definert følgjande felles resultatmål for alle delprosjekt:

1. Kunnskapsgrunnlag for tenesteområdet, som beskriver status, utfordringar og nasjonale og kommunale føringar, er utarbeidet innan 1.- september
2. Grunnlagsdokument for tenesteområdet, som beskriver satsingsområde, mål og strategiar for tenesteutviklinga, er utarbeida innan 1. desember
3. Organisasjonsplan for tenesteområdet, som beskrive organisering, lokalisering og rolle- og funksjonsbeskrivelsar, er utarbeidet innan 1. desember
4. **Arbeidet kring lokalisering legg fram konklusjonar 1. februar**
5. Eventuelle justeringar i organisasjonsplan i samsvar med konklusjonane frå arbeid kring lokalisering.
6. Harmonisering. Notat er utarbeida innan 1. februar 2019
7. Innplassering v tilsette i samsvar med bemanningsplan innan 1. April



Overordna føringar:

Det skal takast omsyn til overordna føringa i intensjonsavtale og overordna styringsdokument, samt vedteken administrativ organisering

Organisering og ansvar

Styringsdokumentet for gjennomføring av kommunesamanslåinga beskriver den overordna organiseringa og styringa av bygginga av nye Ålesund kommune

Avhengigheiter til andre delprosjekter :

Det er mange gjensidige avhengigheiter mellom dei ulike delprosjekta Prosjektleiari og prosjektkontoret har eit særleg ansvar for å sikre koordinering mellom delprosjekta, i samarbeid med styringsgruppene for kvart enkelt delprosjekt.

Arbeidet i delprosjekta må særleg koordinerast med følgjande delprosjekt:

- Delprosjekt Teknologi og digitalisering – spesielt med omsyn til val av fagsystem.
- Delprosjekt Økonomi og verksemdsstyring – spesielt med omsyn til økonomiske føringar og rammer og med omsyn til innkjøp og anskaffingar
- Delprosjekt Tekniske tenester – spesielt med omsyn til lokalisering/bygningsmasse.
- Delprosjekt Personal og organisasjon– spesielt med omsyn til bemanningsplanar, innplassering, kompetanseheving.
- Delprosjekt Plan, samfunns- og næringsutvikling – spesielt med omsyn til overordna mål for den nye kommunen og nytt plansystem.

Risiko- og sårbarheitsanalyse

Det skal utarbeidast risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Analysen skal identifisere:

- Mulige risikoområde for leveransane i delprosjektet (resultatmål)
- Mulige risikoområder knytt til realisering av prosjektets gevinstar (effekt mål)
- Eventuelle risikoreduserande tiltak

ROS-analysen skal oppdaterast jamleg.

Rapportering

Prosjektrapportering skjer fortløpande på etterspurnad frå prosjektleiari/ Rådman i nye Ålesund Rapporteringa vil etterspørje måloppnåing knytt til resultatmål og milepelsplan

Tentativ framdriftsplan med hovudmilepælar for delprosjekt fase 2





Møte i styringsgruppene 20. juni kl 09.00- Bystyresalen

Mål med møtet: Gjennomgang av mandat og diskusjon i gruppene kring arbeidsfordeling.

Gruppene får mest truleg tildelt sekretærressursar

